HORDALAND FYLKESKOMMUNE

KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 14.11.2018
Vår ref.: 2018/426-232
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Att. Katarina Birkeland

# Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom - haust 2018 - Underretning om vedtak

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2018

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har handsama saka i møte 13.11.18, politisk sak 135/18. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

**Grunngjeving**
Ved søknadsfristen 15. september var det kome inn 27 søknader. Samla søkesum var om lag 1,9 millionar kroner. Det er totalt 375.000 kr til fordeling til Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom hausten 2018.

Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjerda av dykkar sak har utval for kultur, idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fant ikkje at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte. Dykkar tiltak vert, etter ei samla vurdering, ikkje tilgodesett.

Dette vert definert som drift sidan det gjeld innkjøp av ny hoppemadrass. HFK har tidlegare gitt tilskot til open hall i Radøy.

**Klage/partsinnsyn**
Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka med Klage - saksnummer. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Hanne Espe på epost hanne.espe@hfk.no eller tlf. 48 99 12 72.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*